

Venstre vil gjera det trygt og godt å veksa opp for alle born.

Det å sikra ein trygg og god oppvekst for alle born er ein av dei viktigaste oppgåvene me som fellesskap må løysa.

Skulane i Strand står over for store utfordringar når det gjeld bygningsmasse. Aukande elevtal aukar presset på eksisterande skular. Behovet for nye bygg må takast på alvor i komande periode.

Vedlikehaldsbudsjettet må aukast for å tilfredsstilla krava til skulebygg standard. Skulane må sikrast rammer for undervisninga slik at den einskilde eleven sine behov ved læringa kan imøtekomast.

Dyktige og motiverte lærarar er nøkkelen til ein god skule. Lærarar og skuleleiarar må få nødvendig fagleg oppdatering og etterutdanning, og meir av arbeidstida må fristillast til skuleutvikling og kontakt med elevane. Venstre vil redusere oppgåvene som stel tid frå undervisninga.

Alle elevar har rett til å gå på nærskulen, og Strand Venstre vil jobbe for at alle barn skal trygg og god oppvekst i eige nærmiljø. Skulen skal gje elevane lærelyst og skaparglede, og skal vere ein arena for kunnskap, kompetanse og meistring. Ei viktig oppgave for skulen er å medverke til danning gjennom læring om toleranse og demokrati.

Venstre vil:

- ✓ styrka tilrettelegging av systematisk vidare- og etterutdanning av lærarar
- ✓ bygga nye skulebygg på Jørpeland og Tau
- ✓ sikra vedlikehald av eksisterande bygg
- ✓ styrka mediatek på samtlige skular og utvikla samarbeidet mellom biblioteka og skulene

Venstre satsar på skulen.



Venstre sine kandidatar i Strand



1. Erik Rydningen Nyman-Apelset (f.1987)

Erik er vår ordførerkandidat. Han brenn for ein betre skule slik at alle elevar får moglegheiter til å ble det dei vil.



2. Einar Bertin Berge (f. 1940)

Einar har lang fartstid både som ansatt og politiker i Strand kommune. Han har eit sterkt engasjement for gode omsorgstenestar.

3. Heidi Ranveig Rydningen Eike (f. 1971), Jørpeland

4. Kristoffer Nåden Havn (f. 1997), Tau

5. Ørjan Bråtveit Berge (f. 1981), Jørpeland

6. Carleen Britt Hettervik (f. 1956), Tau

7. Liva E. Børkja (f. 1996), Jørpeland

8. Martin Nygaard (f. 1995), Jørpeland

9. Trond Petter Olsen (f. 1986), Jørpeland

10. Ragne Nyman-Apelset (f. 1987), Jørpeland

11. Sølve Hatteland (f. 1976), Tau

12. Magnus Kornelius Olsen (f. 1957), Jørpeland

13. Brit Riis (f. 1946), Tau

14. Arild Barka (f. 1986), Jørpeland

15. Laura Halsne (f. 1964), Jørpeland

16. Helge Erland (f. 1979), Jørpeland

17. Jonathan Hall (f. 1960), Jørpeland

18. Laila Helene Helgeland (f. 1948), Jørpeland

19. Terje Riis (f. 1943), Tau

20. Kåre Lars Skår (f. 1944), Tau

21. Holger Ivar Austvoll (f. 1957), Jørpeland

22. Magnar Hapnes (f. 1945), Tau

Les mer om vår politikk og våre kandidater på våre nettsider.

venstre.no/strand

Kort og godt om våre viktigaste saker



Skule

Me vil gjera det trygt og godt å veksa opp for alle born Strand. Me trenger nye skulebygg både på Jørpeland og Tau. Dette er vår viktigaste sak i neste periode.



Miljø

Sykkelvei mellom Jørpeland og Nordmarka, verne Skjyljavik mot industri, ingen utfylling i Jørpelandsvågen.



Næring

Kommunen må vera ein aktiv støttespelar for lokalt næringsliv. La gründerar få infrastruktur til kostpris i ein oppstartfase.



Trygg og god oppvekst i Strand.

VENSTRE
Folk først.



Skule, miljø og næring.

”Strand Venstre vil satsa på det som som er viktigast: Nye skular, værne om miljøet og samtidig leggja til rette for lokal næringsutvikling.”

Venstre er fri for særinteresser. Vi byggjer vår politikk på eit heilska-pleg syn og vil at makt skal vere i balanse, slik at einskilde aktørar i samfunnet ikkje får sko seg på vegne av andre. Alle interesseorganisasjonar er gode støttespelarar, men viktige avgjerd skal gjerast av folkevalde i opne demokratiske prosessar.

Personleg fridom er ein føresetnad for å ta ansvar for eigne handlingar og for å ta omsyn til medmenneska våre. I menneskesynet til Venstre ligg ei overtyding om at alle har evne til å skape gode liv både for seg sjølv og andre. Vi trur at meir mangfald, individuell fridom og rom for livsutfalding vil gje meir medmenneskeleg samfunn.

Venstre er uroleg for miljøutviklinga i verda og vil arbeide for at Strand tar sin del av ansvaret for å snu utviklinga. Mennesket har eit ansvar til å forvalte og verne miljøet og samfunnet på vegne av dei

komande generasjonane. Politiske avgjerder må ta omsyn til toleevna til naturen. Venstre er eit fram-tidsoptimistisk miljøparti som tar forvaltarrolla på alvor.

Strand Venstre vil føre ein økonomisk ansvarleg politikk. For mykje gjeld minskar kommunen si handlingsevne i det daglege. Slik stoda er i dag vil det vere vanskeleg å fjerne eige-domsskatten, sjølv om dette må vere eit mål på sikt. Venstre vil derimot heve botnfrådraget. Alle norske kommunar står føre store omstillingar og tunge oppgåver etter mellom anna Sam-handlingsreforma. Krav om større og sterkare fagmiljø gjer det heilt nødvedig å vurdere kommunesamanslåing i den komande perioden. Strand Venstre er positiv til å gå saman med kommunegrannane Hjelmeland og Forsand om ein ny kommune.

Me vil ha eit sosialt og liberalt kunnskapssamfunn der innbyggjarane i Strand har fridom og handlerom, der vi tek ansvar for kvarandre og miljøet. Samfunnet skal vere prega av toleranse, rettferd og likeverd. Borgarane er frie og medverkande, og tek ansvar både for seg sjølv og medmenneska sine. Tivtransport til Stavanger og innad i Strand.

Venstre gjer det enklere å leve miljøvennlig.

Kvar einaste dag tar me val som har konsekvensar for miljøet. Venstre vil gjer det enkelt og lønsamt å ta dei vala som er best for natur, miljø og klima.

Venstre vil:

- ✓ arbeide for en god kollektivtransport til Stavanger og innad i Strand
- ✓ kommunen skal velgja lavut-slepps-bilar

- ✓ etablera hurtiglادestasjon for el-bil
- ✓ legge stor vekt på hensynet til biologisk mangfold ved behandling av enkeltsaker.
- ✓ ta vare på gjenværende våtmarksområder og vassdrag i kommunen
- ✓ laga sykkelsti mellom Tau og Jørpeland
- ✓ bevare Skyljavik og Tøgevangen som friluftsområder

Venstre gjer det lettare å skapa nye arbeidsplassar.

Ryfast vil gje vekst både i folketal og verksemdar. Strand Venstre vil aktivt støtta nye næringsetableringar. Strand Venstre vil arbeide aktivt for fleire opparbeidde næringsstomter i Nordmarka, og vil at Strand kommune skal vere ein aktiv støttespelar for lokalt næringsliv og lytte til behov verksemdene har.

Strand Venstre vil at Strand markedsføres som inngangsporten til Ryfylke og legge forholdene til rette for opplevelsesturisme og båt-turisme. Det inkluderer gode turistkontor og videreutvikle sykkel- og fotturisme som en viktig del av det lokale turisttilbudet. Jørpeland skal utvikles som den nærmeste byen til Preikestolen.

Venstre vil:

- ✓ vektlegge en allsidig næringsstruktur gjennom planarbeid, arealdisponering og utbygging av infrastruktur
- ✓ kommunen lager en langsiktig og helhetlig plan for næringsområdet i Nordmarka
- ✓ arbeide for å gjøre flere næringsstomter tilgjengelige i Nordmarka
- ✓ satse på elevbedrifter i skolen, gjerne i samarbeid med utdanningsinstusjoner og lokalt næringsliv.
- ✓ tilby lokaler og infrastruktur til virksomheter i etableringsfasen til kostpris
- ✓ fremtidige industriområder må plaserast slik at dei ikkje kjem i konflikt med boligområde
- ✓ Arbeide for at et opplevelses-senter knytta til Preikestolen legges til Jørpeland

Helse og omsorg

Helse og omsorg -pasienten i sentrum.

Venstre vil:

- ✓ styrka det forebyggende helsearbeidet i kommunen, særlig retta mot barn og unge
- ✓ tilby sykeheimplassar til alle som treng det
- ✓ styrka dei heimebaserte tenestane slik at eldre kan bu lengst mulig i eigen bolig
- ✓ øka tilbudet om dag- og kort-tidsplasser
- ✓ tilby rusmisbrukarar eit forsvarleg behandlingssopplegg, og styrka ettervernet
- ✓ kjempa for å gjenoppretta døgnplassane som blei fjerna på Ryfylke DPS avd. Strand
- ✓ at faste ansettelsar skal vera ein hovudregel i Strand kommune, og i helsetenestane



Kultur

Ein levande kulturkommune.

Venstre mener kultur beriker hverdagen vår og er med å gjøre livet verdt å leve. Et mangfoldig og skapende kulturliv er uunnværlig i et liberalt samfunn. Venstre mener at kjennskap og kunnskap til kunst og kulturuttrykk gjør borgerne bedre rustet for å delta i debatt og samfunnsutvikling.

Kommunen må bidra til å stimulere til et rikt kulturliv i alle deler av kommunen. De ulike kulturtilbud bærer med seg viktige verdier i lokalsamfunnet. Kultur skaper fellesskap og identitetsbygging.

Venstre vil:

- ✓ styrka stønad til lokale lag og organisasjonar. Vidareføre drifta av Folkets Hus. Arbeide for tilbod om kulturskuleplass til 30% av grunnskuleelevane
- ✓ redusera elevbetalinga i kulturskolen og innføre søskenmoderasjon
- ✓ driva fortløpande vedlikehald av turstiane på Tau og Jørpeland
- ✓ syte for at friluftstilboda, så langt praktisk mogleg, blir tilrettelagt for funksjonshemma brukarar
- ✓ styrke bibliotektenesta slik det kan skapast kulturelle møteplassar med impulsar frå ulike kulturar
- ✓ sjå positivt på samarbeid mellom kommunen og private aktørar for å bygge nytt kulturhus på Jørpeland